



# Dialektendringar i Ørsta og Volda

Stig J. Helset, Tor Arne Haugen og Randi Neteland

Institutt for språk og litteratur, Høgskulen i Volda

Artikkelen presenterer ein dialektstudie mellom 184 informantar i alderen 14–83 år frå kommunane Ørsta og Volda, som ligg i regionen Søre Sunnmøre på Nordvestlandet. Gjennom elisitering målte studien i kva grad personar i ulike aldersgrupper hadde elleve dialekttrekk som er typiske for den tradisjonelle sunnmørsdialekten, samstundes som resultatet blei samanhalde med resultat frå tidlegare dialektendringsstudiar på Søre Sunnmøre. Samla sett konkluderer artikkelen med at åtte av dei elleve tradisjonelle dialekttrekka er i ferd med forsvinne frå dialekten i Ørsta og Volda, medan tre av dei held seg nokså bra.

Nøkkelord: Dialektendringar, dialektnivellering, regionalisering, standardisering, sunnmørsdialekt, sosiolingvistikk

## 1 Innleiing<sup>1</sup>

Medan det har føregått omfattande dialektendringsprosessar og jamvel fullstendige dialektskifte fleire stader på Austlandet dei siste tiåra, synest dialektane å vere betre bevarte på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg (Rudi, 2007; Rønningen, 2014; Røyneland, 2018, s. 250f). Særleg Sandøy (2000) har argumentert for at dialektendringsprosessane er mindre omfattande i desse landsdelane enn mange har hevda, og studiar av Akselberg (1995, 2003) og Haugen (1997, 2004) dokumenterte relativt små dialektendringar på Voss og i Sogndal fram til for om lag 20 år sidan. Andre studiar indikerer at det har føregått meir omfattande dialektendringsprosessar også på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, men då typisk ved språkleg regionalisering, i motsetnad til den språklege standardiseringa som har føregått fleire stader på

---

1. Vi vil takke to anonyme konsulentar og redaktør Elin Gunleifsen for konstruktive tilbakemeldingar på ein tidlegare versjon av denne artikkelen.

Austlandet (Akselberg, 2004; Røstad, 2006; Røynealand, 2020, s. 37). Språkleg standardisering er kjenneteikna av vertikal dialektnivellering, der eit nasjonalt prestisjetalemål påverkar lokale dialektar direkte, og kan erstatte dei, slik tilfellet har vore fleire stader på Austlandet, der standard austnorsk har erstatta den lokale dialekten. Språkleg regionalisering er kjenneteikna av horisontal dialektnivellering der dialektskilnadene i ein region blir utjamna ved at særleg lokale trekk, men gjerne også ein del trekk som tradisjonelt har hatt nokså stor utbreiing, blir erstatta av regionale fellesformer (Røynealand, 2018, s. 250f). Om denne regionaliseringa også kan botne i ei form for vertikal dialektnivellering, har vore eit omdiskutert punkt i norsk sosiolingvistik (jf. NLT nr. 1/2009), og då er det særleg endringane i dei vestnorske og nordnorske dialektane som har vore diskutert, sidan bymåla ser ut til å spreie seg her (Bull, 2009; Sandøy, 2009).

Det er likevel mykje som er uavklara når det gjeld nyare dialektendringar i dei vestlege og nordlege delane av Noreg. I denne artikkelen rettar vi derfor søkjelyset mot dialektendringar i dei to kommunane Ørsta og Volda, som ligg i regionen Søre Sunnmøre på Nordvestlandet. Søre Sunnmøre har eit busetnads-mønster som kan vere interessant i denne samanhengen. For det første er sentraliseringstendensane på Søre Sunnmøre forholdsvis lokale, der vi finn fleire jamstore bygdebyar innanfor eit lite geografisk område. For det andre er det lang veg til dei store regionssentera Bergen og Trondheim, samstundes som det lokale regionsenteret Ålesund er forholdsvis lite og kontakten mellom folk i bygd og by er moderat. Dette kan ein tenke seg at er gode forhold for horisontal dialektnivellering med danning av eit regionaltalemål, heller enn vertikal nivellering frå eit prestisjetalemål via eit regionssenter. I praksis er det likevel ofte vanskeleg å avgjere om nye variantar er spreidde horisontalt eller vertikalt frå eit prestisjetalemål, eller om dei blir spreidde fordi dei er utbreidde i norsk generelt (Hårstad, 2009; Røstad, 2009).

Ein kan på mange måtar kalle dei to kommunane Ørsta og Volda for tvillingkommunar.<sup>2</sup> Talet på innbyggjarar har auka jamt dei siste 50 åra, og i dag bur det om lag 11 000 personar i kvar av dei to kommunane, samstundes som dei demografiske, økonomiske og sosiale strukturane er nokså like (Statistisk sentralbyrå, 2023a). Dei siste tiåra har det vore stendig høgare grad av pendling mellom og inn til dei to kommunesentera, som berre ligg 10 km frå kvarandre, både mellom skuleungdommen og mellom arbeidstakarar, med stendig fleire

2. F.o.m. 1.1.2020 blei gamle Hornindal kommune ein del av nye Volda kommune, samstundes som krinsane Viddal og Bjørke i Ørsta kommune blei grensejusterte over til nye Volda kommune. I studien som ligg til grunn for denne artikkelen, har vi ikkje med informantar frå gamle Hornindal kommune, sidan dialekten der soknar til fjordamål.

kontaktflater innbyggjarane i mellom (Statistisk sentralbyrå, 2023b). I same tidsrom har det i både kommunar vore ein klar tendens at stendig fleire har flytta frå mindre grender og gardssamfunn og inn til dei to kommunesentera, slik at nesten 3/4 av innbyggjarane i kvar av dei to kommunane i dag bur i kommunesenteret, medan litt meir enn 1/4 bur i mindre grender eller på frittliggjande gardar langs fjordar og dalføre (Statistisk sentralbyrå, 2023c; Haugen & Amoriza, 2024; Thorsnæs, 2024). Folketalsnedgangen i utkantane har mellom anna ført til nedlegging eller samanslåing av barnehagar og barne- og ungdomsskular fleire stader.

Medan jordbruk, skogbruk og fiske var dei berande næringane i både kommunar fram mot den andre verdskrigen, kom dei to kommunane til å utvikle seg i noko ulike retningar i tiåra etter krigen. Sjølv om primærnæringane framleis var og er høgst levande i både kommunar, blei det i åra før og etter krigen etablert fleire større industribedrifter i kraftkommunen Ørsta, og etter kvart også ein vidaregåande skule for yrkesfag. I Volda kom det aldri ei tilsvarende industrireiseing. Her hadde ein i staden akademiske institusjonar som gymnas, lærarskule og sjukehus, som rekrutterte elevar, studentar, lærarar, sjukepleiarar og lækjarar frå andre delar av landet (Tvinnereim & Melle, 2003). Som vi skal sjå i kapittel 2, viser tidlegare forskning at det er relativt små skilnader mellom dialektane i kommunane på Søre Sunnmøre, og dei fleste skilnadene som er funne i regionen, er generasjonsskilnader. I denne artikkelen ser vi derfor på talemålet i desse to tvillingkommunane under eitt og set søkje-lyset på dei lange linjene i dialektutviklinga når vi undersøker dialektskilnadene mellom ulike aldersgrupper i eit utval tradisjonelle dialekttrekk.<sup>3</sup>

Gjennom analysar av datamaterialet som vi samla inn mellom eit stort og samansett utval av språkbrukarar i dei to kommunane hausten 2023 og vinteren 2024, og gjennom ei jamføring av våre resultat med resultat frå tidlegare dialektendringssstudiar i regionen, svarar vi i denne artikkelen på følgjande forskingsspørsmål: I kva grad blir tradisjonelle dialekttrekk framleis nytta av talarar i ulike aldersgrupper i Ørsta og Volda, og kva kan dette seie oss om endringar i dialekten i området dei siste 50 år?

---

3. Datamaterialet som ligg til grunn for artikkelen, gjev også grunnlag for å undersøkje språkbruk på tvers av andre sosiale grupper, men sidan siktemålet med denne oversynsartikkelen er å undersøke dialektendringar over tid, har vi her valt å konsentrere oss om deskriptive analysar av språkvariasjon på tvers av aldersgrupper.

## 2 Den tradisjonelle dialekten og tidlegare dialektendringsstudiar på Søre Sunnmøre

På bakgrunn av dialektale likskapar og skilnader er det vanleg å dele dei vestnorske dialektane inn i tre hovudgrupper: sørlandsk, sørvestlandsk og nordvestlandsk. Dei tradisjonelle dialektane i nordvestlandsk har e-mål, palatal uttale av alveolarar og av velarar i både trykksterk og trykksvak stilling, diftongen *au* (også i andre posisjonar enn i utlyd, og føre vokal og kort konsonant) og dativ. Nordvestlandsk blir igjen gjerne delt i tre dialektområde: romsdalsk, sunnmørsk og fjordamål. Dei tradisjonelle dialektane i sunnmørsk er vidare kjenneteikna av innskotsvokal i adjektiv og presens av sterke verb, delt hokjønnsbøying, diftongane *ei* og *øy* (også i andre posisjonar enn i utlyd, og føre vokal og kort konsonant) og dessutan av at norrøn *ð* held seg som *d* i utlyd (Mæhlum & Røyneland, 2023, s. 96–97; Skjekkeland, 2005, s. 177–180). Som Hoff (1978) viser, er det vidare fleire skilnader mellom dei tradisjonelle dialektane på Nordre Sunnmøre og dialektane på Søre Sunnmøre. Derimot er det små skilnader mellom dei tradisjonelle dialektane i dei ulike kommunane i midtre og ytre delar av Søre Sunnmøre. I resultatkapittelet vil vi derfor jamføre funna i denne studien med funn frå seks tidlegare studiar som har undersøkt dialektendringar i dette området, då dette vil kunne seie noko om i kva grad tidlegare observerte endringstendensar er forsterka eller svekte i dag.

Den første av desse studiane undersøkte delar av lydverket mellom eldre og yngre i Ørsta for vel 50 år sidan. Gjennom intervju med fem eldre informantar og distribusjon av spørjeskjema mellom 254 elevar ved Ørsta ungdomsskule kartla Øyehaug (1972) mellom anna graden av palatal uttale av alveolarane *ll* og *nn*, og fann at få av elevane rapporterte at dei hadde palatal uttale. I forlenginga av dette er det relevant å trekke fram ein studie som granska kor langt avpalataliseringa var komen i Herøy for 30 år sidan. Gjennom lydopptak av samtalar mellom 14 gutar og 14 jenter frå Herøy kommune som gjekk på ein av dei to vidaregåande skulane i Herøy og Ulsteinvik våren 1994, kartla Abrahamsen (1995) i kva grad desse ungdommane hadde palatal uttale av alveolarar og velarar, og fann ein god del palatal uttale mellom gutane, men veldig lite mellom jentene.

Worren (1980, 2017) syner korleis det mot slutten av 1800-talet vaks fram eit heilt nytt dialekttrekk som skulle bli særmerkt for dialektane i akkurat Herøy, Ørsta og Volda, og han forklarar framveksten av dette dialekttrekket nettopp med at palatal uttale av alveolarar både i trykk tung og i trykksvak stilling stod sterkt i dei tradisjonelle dialektane i området. I dette dialektområdet fekk ein, som einaste stad i landet (Skjekkeland, 2005, s. 179; Worren, 2017, s. 352),

nemleg bortfall av palatal nasal i alle trykklette endingar på *-en* som uttrykkjer nominalt hankjønn i bestemt form eintal, og, som resultat av dette, ein *i-* eller trong *e-*uttale av endinga: *båti* (sub. = *båten*); *gali* (adj. = *galen*), *komi* (perfektum partisipp av sterke verb = *komen*) og *anni*, *ingi*, *noki* (pronomen = *annan*, *ingen*, *nokon*). Som Worren (1980, s. 203) syner, viser oppskrifter i *Norsk dialektatlas* at bortfallen palatal nasal i bestemt form eintal av hankjønnsord framleis var i bruk i Herøy og gamle Ørsta og gamle Volda kommune kring 1960, medan det ikkje er registrert andre stader i regionen.<sup>4</sup> Med dette som utgangspunkt gjennomførte Worren (1980, s. 204–206) sjølv ei spørjegransking i 1978 der han fekk inn svar frå 50 vaksne respondentar frå ulike delar av Søre Sunnmøre og frå 148 elevar ved dei vidaregåande skulane i Ulsteinvik og Volda. Han fann då at bortfallen palatal nasal i bestemt for eintal av hankjønnsord framleis stod sterkt i Herøy og gamle Ørsta og gamle Volda kommune, utan at trekket hadde breidd seg særleg til andre stader.

Medan dei tre studiane vi har presentert til no, tek føre seg eitt eller nokre få dialekttrekk, nemner vi i det følgjande også tre andre og nyare studiar frå Søre Sunnmøre som alle tek føre seg fleire dialekttrekk, men nettopp fordi desse studiane tek føre seg fleire av dei same dialekttrekka som vi har undersøkt i denne studien, ventar vi med å presentere funna i desse studiane til vi kjem til resultatkapittelet. Den første av desse studiane blei gjennomført for 25 år sidan av Sævik (2000), som gjennom ei spørjegransking mellom 125 førsteklassingar ved Herøy vidaregåande skule kartla bruk av ulike dialekttrekk som ho forventa kunne vere på veg ut mellom ungdommen på Sørøyane, derimellom bortfallen palatal nasal i bestemt form eintal av hankjønnsord, innskotsvokal i adjektiv og presens av sterke verb, delt hokjønnsbøying, personleg pronomen første person fleirtal og uttale av norrøn *ð* som *d* i utlyd. Den neste studien blei gjennomført i Volda kommune for om lag 15 år sidan (Løset, 2011). For å styrke kunnskapsgrunnlaget om kjenneteikn ved den tradisjonelle dialekten i Volda gjennomførte Løset (2011, s. 24) først kvalitative intervju med elleve informantar som alle var over 70 år gamle i 2010, der nokre kom frå sentrum, medan andre kom frå utkantane i Volda kommune. Deretter gjennomførte ho ei spørjegransking mellom 79 tiandeklassingar ved ungdomsskulen i Volda sentrum og ved utkantskulane i Austefjorden, Dalsfjorden og på Folkestad, for slik å

---

4. Med gamle Ørsta kommune meiner vi grensene som gjaldt fram til kommunesamanslåinga 1.1.1964, då tidlegare Vartdal kommune og Hjørundfjord kommune blei slått saman med denne til nye Ørsta kommune. Med gamle Volda kommune meiner vi grensene som gjaldt fram til 1.1.1964, då tidlegare Dalsfjord kommune blei slått saman med denne til nye Volda kommune.

kartlegge dialektskilnader mellom eldre og yngre vendingar og mellom personar frå høvesvis sentrum og utkantane av kommunen. Løset (2011) undersøkte mellom anna palatal uttale av alveolarar og velarar, innskotsvokal i adjektiv, delt hokjønnsbøying, personleg pronomenn første person fleirtal, diftongen *au* og uttale av norrøn *ð* som *d* i utlyd. Den siste studien undersøkte dialektendringar i Åram (Lianes, 2013). Gjennom studiar av gamle og nye lydopptak av til saman 36 informantar som alle var oppvaksne i Åram, samanlikna Lianes (2013) bruk av ulike dialekttrekk i fem ulike aldersgrupper, derimellom palatal uttale av velarar, innskotsvokal i adjektiv og uttale av norrøn *ð* som *d* i utlyd.


### 3 Materiale og metode

Nedanfor følgjer ei skildring av korleis vi gjekk fram for å rekruttere informantar til studien (3.1), kva for språklege variablar vi undersøkte (3.2), og kva for metode vi brukte for å kartlegge språkbruken til deltakarane innanfor kvar av desse variablane (3.3).

#### 3.1 Informantar

Vi henta inn informantar ved hjelp av sjølvrekruttering. Det einaste kravet vi stilte til deltakarane, var at ein hadde vakse opp anten i Ørsta eller Volda seinast frå ein var seks år gammal. Gjennom ein annonse (med QR-kode til påmeldingsskjema) som blei distribuert via fysiske plakatar som vi hengde opp på strategiske møtepunkt rundt om i kommunane og via innlegg på ulike Facebook-sider, kunne personar som var over 18 år sjølve melde seg som deltakarar. Allereie frå starten av fekk vi temmeleg mange påmeldingar, og etter at lokale og regionale aviser laga reportasjar om dialektendringsstudien, fekk vi endå fleire påmeldingar frå personar i alle aldrar og frå ulike delar av dei to kommunane, faktisk så mange at vi i løpet av ein månads tid måtte stenge for fleire påmeldingar på grunn av mangel på tid til å gjennomføre fleire undersøkingar. Vi gjennomførte lydopptak av til saman 147 vaksne informantar i oktober og november 2023. Sidan vi også ønskte å ha med yngre informantar, vende vi oss vinteren 2024 til dei to ungdomsskulane i Ørsta og Volda sentrum og fekk gjort avtalar med norsklærarane i to av niandeklassane på kvar skule om at vi kunne kome inn i klassane og informere om studien og be dei som ville vere med, om å krysse av for dette på klasselister. På denne måten fekk vi gjort lydopptak av til saman 51 niandeklassingar ved dei to skulane. Til saman samla vi altså inn datamateriale frå 198 informantar, men då vi skulle analysere datamaterialet, konkluderte vi med at 14 av informantane hadde eit talemål som gjorde at vi

ikkje kunne bruke lydopptaka av dei i analysane. Nokre av opptaka av dei eldre informantane måtte vi forkaste fordi deltakarane ikkje heilt klarte å frigjere seg frå nynorsken, dvs. at lydopptaka i større eller mindre grad bar preg av å vere leseuttale. Nokre av opptaka av dei yngre informantane måtte vi forkaste fordi deltakarane, trass i at dei hadde vakse opp i ein av dei to kommunane, ikkje blei oppfatta å ha nokon variant av lokalt talemål i det heile.<sup>5</sup> Etter at vi forkasta lydopptaka av desse 14 informantane, stod vi att med 184 teljande informantar, der dei yngste var 14 år gamle, medan den eldste var 83 år gammal.<sup>6</sup> Det er nesten heilt jamn fordeling mellom kvinner (53 %) og menn (47 %). Diagram 1 nedanfor viser korleis dei teljande informantane fordelte seg med omsyn til fem førehandsoppstilte aldersgrupper.



*Diagram 1 Talet på informantar innanfor kvar av fem førehandsoppstilte aldersgrupper (n = 184)*

Diagram 1 viser at det er noko variasjon i fordelinga av informantar i dei ulike aldersgruppene. Flest deltakarar fekk vi i aldersgruppa 50–64 år (54), medan det var noko færre deltakarar i aldersgruppene 34–49 år (40) og 14–15 år (41)

5. Vi har ikkje datagrunnlag for å seie noko om årsakene til at eit fåtal av ungdommane snakka på måtar som skilde seg frå alle kjende variantar av lokalt talemål, og sidan dei var så få, kunne vi heller ikkje bruke dei som evidens for at måtane dei snakka på, moglegvis representerer nye utviklingstrekk. Derfor valde vi å ta dei ut av studien.
6. Alle sider av datainnsamlinga og datahandsaminga var godkjende av Sikt før vi starta studien.

og færrest i aldersgruppene 18–33 år (23) og 65 år og eldre (26). Med godt over 20 deltakarar i alle aldersgruppene meiner vi at utvalet er tilstrekkeleg stort til å kunne trekkje konklusjonar om dialektskilnader mellom ulike aldersgrupper i Ørsta og Volda.

### 3.2 *Språklege variablar*

Då vi skulle velje ut kva for språklege variablar vi ville undersøkje, tok vi utgangspunkt i dei seks dialektendringsstudiane frå Søre Sunnmøre som vi presenterte i kapittel 2, og dessutan Hoff (1978), Mæhlum & Røyneland (2023) og Skjekkeland (2005). Mellom anna på bakgrunn av resultat frå dei seks studiane skriv Mæhlum & Røyneland (2023, s. 96–97) at både palatal uttale av alveolarar og velarar, delt hokjønnsbøying og dativ har vore under press dei seinare åra, medan innskotsvokal i adjektiv og i presens av sterke verb og uttale av norrøn *ð* som *d* i utlyd er meir stabile. Mæhlum & Røyneland (2023) nemner verken bortfallen palatal nasal i bestemt form eintal av sterke hankjønnsord, personleg pronomen første person fleirtal, eller diftongane *au* og *øy*, men desse dialekttrekka er altså undersøkte i tidlegare studiar (Løset, 2011; Sævik, 2000; Worren, 1980). På denne bakgrunnen valde vi å undersøkje i kva grad personar i ulike aldrarar og i ulike delar av Ørsta og Volda i dag har tradisjonell variant av følgjande elleve tradisjonelle dialekttrekk: palatal uttale av alveolarar, palatal uttale av velarar, innskotsvokal i adjektiv, innskotsvokal i presens av sterke verb, bortfallen palatal nasal i bestemt form eintal av hankjønnsord, delt hokjønnsbøying i bestemt form eintal, personleg pronomen første person fleirtal, korte diftongar *au* og *øy* i perfektum partisipp, lang diftong *au*, uttale av norrøn *ð* som *d* i utlyd og dativ.

### 3.3 *Metode*

Forskingsspørsmålet for denne artikkelen er altså i kva grad dei elleve ovanfor nemnde tradisjonelle dialekttrekka framleis blir nytta av talarar i ulike aldersgrupper i Ørsta og Volda, og kva dette kan seie oss om endringar i dialekten i området dei siste 50 åra. Sidan vi ønskte å undersøkje mange språklege variablar mellom eit stort og samansett utval av språkbrukarar, valde vi elisitering som hovudmetode (Senft, 2009). Denne metoden gav oss høve til å samle inn og analysere data frå ei mykje større gruppe informantar enn det som er realistisk når ein skal analysere språkbruk i samtalebaserte intervju. Det var også ein føremon for analysen at vi kunne vere sikre på å få data frå alle informantane på dei lågfrekvente variablane. At vi fekk informasjon om bruk av variant av dei same orda frå alle informantane, gjorde analysen effektiv, men det gjev



nokre utfordringar for tolkinga av resultata sidan vi ikkje kan vere heilt sikre på at dei valde orda representerer alle ord som høyrer til i den språklege variabelen. I tolkinga av resultata støttar vi oss derfor også på resultata frå andre talemålsundersøkingar frå regionen som er gjennomført med andre metodar, og som vi skal sjå, finn vi liknande endringstendensar i desse undersøkingane som i vår undersøking.

Dei tre forskarane bak denne artikkelen veksla på å ta imot deltakarane på eit eige rom der vi hadde sett opp pc og mikrofon, og starta alltid med litt småprat, slik at deltakarane skulle kjenne seg trygge, og slik at vi forskarane skulle få eit inntrykk av det autentiske talemålet til kvar deltakar. Før vi starta lydopptaka, blei informantane bedne om å seie nokre øvingssetningar som dei sjølve klikka seg fram til på pc-en. Vi understreka at dei måtte ta den tida dei trong, og at dei skulle seie setningane slik som dei snakka til dagleg. Setningane var skrivne på nynorsk, men då slik at ordet som inneheldt den språklege variabelen som vi ville undersøkje, ikkje var representert i skrift. Det aktuelle ordet var då anten representert som eit bilete, der det var mogleg, eller utelate på ein slik måte at deltakarane ut frå konteksten forstod kva for eit ord vi var ute etter. Til dømes hadde vi setningar som *Dette er ein [bilete av ein sau]*. På denne måten unngjekk ein både at informantane blei medvitne om kva for språktrekk vi ville undersøkje, og at dei blei påverka av skriftbiletet. Etter at informantane var ferdige med øvingssetningane, slo vi på lydopptakaren og bad dei om å seie éi og éi av 38 nye setningar som dei sjølve klikka fram på pc-en. Når informantane var ferdige med elisiteringa, blei dei bedne om å svare på eit digitalt spørjeskjema der dei skulle krysse av for sosiale bakgrunnsvariablar som alder, kjønn, kommune og kva for del av kommunen dei bur i.

Etter at datainnsamlinga var gjennomført, registrerte to av forskarane variantane av dei til saman 44 orda som vi ønskte å måle hos kvar einskild deltakar, uavhengig av kvarandre. Med så mykje som 184 teljande informantar, gav dette 8096 datapunkt. Registreringane samsvarte i 96 % av tilfella. Den tredje forskaren lytta gjennom avvika, og tok endeleg stilling til kva for ein av dei registrerte variantane som stemde. I nokre få av dei avvikande tilfella klarte ikkje den tredje forskaren å avgjere om deltakaren nytta den eine eller den andre varianten, og i dei tilfella blei det ikkje registrert noko teljande resultat. Andre tilfelle som ikkje var teljande, var dersom deltakarane brukte eit anna ord enn det ønskte (typisk ved at dei tolka biletet som skulle representere ordet vi var ute etter, annleis enn vi), slik at vi ikkje fekk registrert om dei brukte den eine eller andre varianten av den aktuelle variabelen. Når vi målar bruken av dei ulike variantane, bygger det såleis på oppteljing av alle tilfella der informantane

faktisk produserte den tradisjonelle eller den nyare varianten av orda vi var ute etter. Prosentdelen som er gjeven opp for kvar aldersgruppe i dei ulike variablane i resultatkapittelet, viser andel av brukstilfella med tradisjonell uttale innanfor kvar aldersgruppe. Som ein vil sjå av presentasjonen av variablane i resultatkapittelet, undersøkte vi tradisjonelle og nyare variantar av to, tre eller fire ord innanfor kvar av dei elleve språklege variablane, noko som til saman gav 30 undersøkte ord.<sup>7</sup> Prosentdelen som er gjeven opp for tradisjonell variant for kvar variabel, gjeld ein samleanalyse for dei orda som er gjevne opp i diagramma for dei ulike variablane i resultatkapittelet. Vi byrjar med dei variablane som er best dokumenterte i tidlegare studiar.

#### 4 Resultat og drøfting

I dette kapittelet presenterer vi resultatet av dei elleve variablane som vi undersøkte bruken av. For kvar variabel vil resultatet frå vår eigen studie bli drøfta i lys av funn i dei tidlegare dialektendringsstudiane på Søre Sunnmøre.

##### 4.1 *Palatal uttale*

###### 4.1.1 Palatal uttale av alveolarane *ll* og *nn*

Diagram 2 viser at så mykje som 72,5 % av brukstilfella i aldersgruppa 65 år og eldre har palatal uttale av alveolarar i orda *ballen* og *kanna*, medan berre 28,3 % av brukstilfella i aldersgruppa 50–64 år har det. I to av dei tre yngste aldersgruppene er det ingen som har palatal uttale av alveolarar, medan 8,9 % av brukstilfella i aldersgruppa 18–33 år har det, og ved nærmare ettersyn viser det seg at desse uttalane er gjevne av to mannlege informantar som kjem frå ei av dei mindre bygdene utanfor Volda sentrum. Desse funna samsvarar godt med funna i den 15 år gamle studien til Løset (2011, s. 63), der berre 6 % av ungdomsskuleelevene i Volda rapporterte at dei hadde palatal uttale i ord som *follje* og *mannj*, medan alle dei eldre informantane hennar hadde palatal uttale. Det same kan seiast om funna som Abrahamsen (1995, s. 96–97) gjorde mellom jentene som gjekk på vidaregåande skule i Herøy eller Ulstein for 30 år sidan, sidan desse berre hadde palatal uttale av alveolarar i mellom 0 og 21 % av dei

7. Som nemnt ovanfor, undersøkte vi variantar av til saman 44 ord, derimellom variantar som, for Ørsta og Volda, representerer nyare språklege trekk, men i denne artikkelen undersøker vi berre i kva grad dei elleve nemnde tradisjonelle dialekttrekka er bevarte i ulike aldersgrupper. Derfor 30 ord her. Informantane brukte mellom tre og åtte minutt på å gjennomføre elisiteringa, noko som gjer at sjansen for fatigue-effekt er heller liten.




Diagram 2 Prosentdel av brukstilfella med palatal uttale av alveolarane *ll* og *nn* i kvar aldersgruppe ( $n = 184$ )

orda som dei brukte der det var palatal uttale i den tradisjonelle dialekten. Gutane derimot, hadde palatal uttale i mellom 42 og 71 % av dei aktuelle orda. Ei mogleg forklaring på at Abrahamsen (1995) fekk høgre prosentdelar enn Løset (2011) og vi, er at hans studie er eldre. Den 50 år gamle studien til Øyehaug (1972, s. 74) viser iallfall at medan dei eldre informantane hans, som alle var over 70 år gamle og kom frå utkantar i Ørsta, i stor grad hadde palatal uttale av alveolarane *ll* og *nn* i trykk tung stilling, var det få av elevane ved Ørsta ungdomsskule som rapporterte at dei hadde slik uttale. Samla sett gjev desse funna klare indikasjonar på at palatal uttale av alveolarane *ll* og *nn*, som altså er godt dokumentert i dei tradisjonelle dialektane på Sunnmøre, er i ferd med å forsvinne frå dialekten i Ørsta og Volda.

#### 4.1.2 Palatal uttale av velarane *k* og *g*

Diagram 3 viser at prosentdelen av palatal uttale av velarane *k* og *g* er om lag den same i dei fem ulike aldersgruppene som ved palatal uttale av alveolarane *ll* og *nn*. Medan 62,7 % av brukstilfella i aldersgruppa 65 år og eldre har den tradisjonelle uttalen, er det berre 34,3 % av brukstilfella i aldersgruppa 50–64 år som har det. Mellom informantane i dei tre yngste aldersgruppene har vi registrert veldig få palatalt uttalar, og av dei få som er, er dei aller fleste registrerte hos personar som bur i ei av dei mindre grendene i Volda. Desse funna samsvarar godt med funna i studien til Løset (2011, s. 63), som viser at medan alle dei eldre informantane hadde tradisjonell palatal uttale i ord som *bakkje* og *byggje*, var det berre 6 % av ungdomsskuleelevane som rapporterte at dei hadde




Diagram 3 Prosentdel av brukstilfella med palatal uttale av alveolarane g og k i kvar aldersgruppe (n = 184)

slik uttale, og alle desse gjekk på ein av utkantskulane. Studien til Lianes (2013) viser at avpalataliseringa hadde kome langt også i Åram for om lag 10 år sidan. Lianes (2013, s. 81) finn nemleg at palatal uttale av velarar gjekk markert nedover frå dei eldste informantane, som var fødte før 1890 og hadde palatal uttale i 70 % av tilfella, til dei yngste informantane, som var fødte etter 1980 og ikkje hadde palatal uttale i det heile. Abrahamsen (1995, s. 96–97) finn at avpalataliseringa hadde kome langt også mellom ungdommar i Herøy allereie for 30 år sidan, særleg hos jentene, der berre mellom 0 og 21 % hadde palatal uttale i ord som til dømes *takje* og *flaggje*. Hos gutane var det 50 % som framleis hadde palatal uttale av velarar, noko som er klart høgre enn i dei andre studiane. Samla sett gjev desse funna klare indikasjonar på at palatal uttale av velarane *k* og *g*, som altså er godt dokumentert i dei tradisjonelle dialektane på Sunnmøre, er i ferd med å forsvinne frå dialekten i Ørsta og Volda.

## 4.2 Innskotsvokal

### 4.2.1 Innskotsvokal i adjektiv

Diagram 4 viser ei nokså jamt fallande kurve frå aldersgruppa 65 år og eldre, via aldersgruppa 50–64 år til aldersgruppa 34–49 år når det gjeld bruken av innskotsvokal i adjektiv. Heile 92,9 % av brukstilfella i aldersgruppa 65 år og eldre har dette tradisjonelle dialekttrekket, og det same gjeld 80,3 % av brukstilfella i aldersgruppa 50–64 år og 64,9 % av brukstilfella i aldersgruppa 34–49 år. Deretter observerer vi eit kraftig fall i bruken av innskotsvokal i adjektiv i




Diagram 4 Prosentdel av brukstilfella med innskotsvokal i adjektiv i kvar aldersgruppe (n = 184)

aldersgruppa 18–33 år, der ein berre finn det i 28,1 % av brukstilfella, og eit nytt kraftig fall i aldersgruppa 14–15 år, der ein berre finn det i 5,7 % av brukstilfella. Det siste samsvarar nokså godt med funna til Løset (2011, s. 69–70), som viser at berre 10 % av elevane ved ungdomsskulen i Volda sentrum rapporterte at dei hadde innskotsvokal i adjektiv som *fine* og *store*, medan 50–60 % av elevane på Folkestad og i Austefjorden og 100 % av elevane i Dalsfjorden rapporterte at dei brukte innskotsvokal i desse orda, samstundes som alle dei eldre informantane hadde dette tradisjonelle dialekttrekket. Samla sett indikerer dette at bruken av innskotsvokal hadde gått kraftig tilbake mellom ungdommen i Volda allereie for 15 år sidan, særleg i sentrum. I den 25 år gamle studien til Sævik (2000, s. 55) rapporterte derimot 80 % av elevane på Sørøyane at dei hadde innskotsvokal i dei fleste adjektiv. Vi kan likevel legge merke til at akkurat for adjektivet *fin(e)* var det så mykje som 40 % av elevane som rapporterte at dei ikkje hadde innskotsvokal, noko som kan indikere at bruken av innskotsvokal var på retur i visse ord også mellom ungdommen på Sørøyane allereie kring tusenårsskiftet. Studien til Lianes (2013, s. 83) mellom informantar i Åram dokumenterer innskotsvokal i adjektiv i 80 % av tilfella hos dei eldste informantane og berre i 10 % av tilfella hos dei yngste informantane. Samla sett gjev desse funna indikasjonar på at innskotsvokal i adjektiv, som altså er godt dokumentert i dei tradisjonelle dialektane på Sunnmøre, kan vere i ferd med å forsvinne frå dialekten i Ørsta og Volda.

## 4.2.2 Innskotsvokal i presens av sterke verb




Diagram 5 Prosentdel av brukstilfella med innskotsvokal i presens av sterke verb i kvar aldersgruppe (n = 184)

Medan resultata i Diagram 4 gjev indikasjonar på at innskotsvokal i adjektiv kan vere i ferd med å forsvinne frå dialekten i Ørsta og Volda, viser Diagram 5 at innskotsvokal i presens av sterke verb derimot står sterkt, iallfall mellom dei som er 18 år eller eldre. Diagrammet viser nemleg at *finn(e)* og *kjem(e)* har innskotsvokal i 80–90 % av brukstilfella i alle dei fire eldste aldersgruppene. Sjølv mellom ungdomsskuleelevene som tok del i studien, er det slik at over halvparten (55,4 %) av brukstilfella har innskotsvokal. Dette er likevel ein monaleg lægre prosentdel enn i dei andre aldersgruppene, noko som *kan* indikere at innskotsvokalen er på veg ut av bruk mellom ungdommar også i presens av sterke verb. Samstundes er det dokumentert frå fleire vestnorske talemål at innskotsvokal i adjektiv har gått ut av bruk utan at innskotsvokal i presens vert endra eller at innskotsvokalen i presens vert endra på eit seinare tidspunkt (Neteland & Bugge, 2015, s. 319; Neteland, 2014, s. 191, 195 og 271–276). Vi kan legge til at det i den yngste aldersgruppa er store skilnader mellom dei to sterke verba i presens, for medan så mykje som 72,5 % hadde innskotsvokal i *finn(e)*, var det berre 32,4 % som hadde innskotsvokal i *kjem(e)*. Berre éin av dei tidlegare dialektendringsstudiane frå Søre Sunnmøre har undersøkt innskotsvokal i presens av sterke verb, og i denne rapporterte om lag 80 % av elevane på Sørøyane at dei hadde tradisjonell variant (Sævik, 2000, s. 56). Samla sett ser vi at innskotsvokal i presens av sterke verb framleis står sterkt i dialekten i Ørsta og Volda, sjølv om trekket kan vere på veg ut mellom dei yngre, iallfall i nokre ord.

#### 4.3 Bortfallen palatal nasal i bestemt form eintal av hankjønnsord

Som vi såg i kapittel 2, viser Worren (1980, s. 203) sine studiar av oppskrifter i *Norsk dialektatlas* at bortfallen palatal nasal framleis var i bruk i Herøy, gamle Ørsta og gamle Volda kommune kring 1960, medan det ikkje er registrert andre stader i regionen. Spørjegranskingane som Worren (1980, s. 206–208) sjølv gjennomførte i 1978, viser at den nordlege og austlege grensa for bortfallen palatal nasal låg fast kring 1980, det vil seie at trekket framleis var i bruk i Herøy og gamle Ørsta kommune, utan å vere på frammarsj i Ulstein, Hareid, gamle Vartdal eller gamle Hjørundfjord kommune. Derimot indikerte studien at bortfallen palatal nasal var på frammarsj i sør ved at trekket blei dokumentert mellom dei yngre informantane frå bygdene sør og vest i Volda kommune og frå bygdene nord i Vanylven kommune. Dette gjaldt vel å merke berre i bestemt form eintal av hankjønnsord og i samsvarsbøygde adjektiv og sterke partisipp, noko Worren (1980, s. 212) forklarar med at palatal uttale av norrøn *ll* og *nn* var på veg ut mellom yngre brukarar i 1980. Studien til Sævik (2000, s. 58) gjev nokså like resultat som den då 20 år gamle studien til Worren (1980). Medan 85 % av elevane frå Herøy rapporterte at dei sa *bili*, *båti* og *guti*, var det nemleg berre eit lite fåtal av elevane frå Ulstein og Hareid som rapporterte at dei brukte desse formene, noko som viser at bortfallen palatal nasal framleis stod sterkt mellom ungdommen i Herøy kring 2000, og at trekket i liten grad hadde spreidd seg nordover på Sørøyane. I denne studien undersøkte vi bortfallen palatal nasal i bestemt form eintal av hankjønnsord. Studiane til Worren (1980, 2017) indikerer at bortfallet aldri har fått fotfeste i gamle Vartdal kommune eller i gamle Hjørundfjord kommune, som i dag er ein del av Ørsta kommune, og knapt nok i gamle Dalsfjord kommune, som i dag er ein del av Volda kommune. Derfor har vi for akkurat denne variabelen berre lagt til grunn deltakarane frå Ørsta og Volda sentrum.

Diagram 6 viser at heile 75,4 % av brukstilfella i aldersgruppa 65 år og eldre har bortfallen palatal i bestemt form eintal av hankjønnsord, medan så pass mykje som 64,5 % av brukstilfella i aldersgruppa 50–64 år også har det. Deretter observerer vi eit markert fall ned til aldersgruppa 34–49 år, der vi berre finn det i 29,7 % av brukstilfella, og eit nytt markert fall ned til dei to yngste aldersgruppene, sidan berre 5,3 % av brukstilfella i aldersgruppa 18–33 år og berre 2,1 % av brukstilfella i aldersgruppa 14–15 år har det. Samla sett gjev desse funna klare indikasjonar på at bortfallen palatal nasal i bestemt form eintal av hankjønnsord, som altså er godt dokumentert i den tradisjonelle dialekten i Ørsta og Volda sentrum, er i ferd med å gå ut av bruk.




Diagram 6 Prosentdel av brukstilfella hos informantar frå Ørsta og Volda sentrum med bortfallen palatal nasal i bestemt form eintal av hankjønnsord i kvar aldersgruppe ( $n = 137$ )

#### 4.4 Delt hokjønnsbøying i bestemt form eintal

Dei tradisjonelle dialektane på Sunnmøre har delt hokjønnsbøying, der sterke hokjønnsord endar på *-a* i bestemt form eintal, medan svake hokjønnsord endar på *-å*. Sidan tidlegare forskning frå andre vestnorske dialektar har dokumentert endringar der sterke og svake hokjønnsord får sams bøying med *-a* som bøyingsending, fann vi ingen grunn til å undersøkje forma til sterke hokjønnsord (Aarsæther, 1984, s. 93; Haugen, 2004, s. 113; Neteland, 2019, s. 20). Derimot undersøkte vi forma til svake hokjønnsord i bestemt form eintal.

Diagram 7 viser ei nokså jamt og kraftig fallande kurve frå dei eldste til dei yngste informantane når det gjeld bruken av *å*-ending i bestemt form eintal av svake hokjønnsord. Vi finn det i heile 94,8 % av brukstilfella i aldersgruppa 65 år og eldre, medan vi finn det i ikkje meir enn 63,9 % av brukstilfella i aldersgruppa 50–64 år, og berre i 26,5 % av brukstilfella i aldersgruppa 34–49 år. I aldersgruppa 18–33 år finn vi *å*-ending berre i 10,3 % av brukstilfella, medan det i aldersgruppa 14–15 år berre førekjem i 2,6 % av brukstilfella, og ved nærmare ettersyn viser det seg at dei aller fleste av dei få deltakarane som er 33 år eller yngre som har dette tradisjonelle dialekttrekket, kjem frå ei av dei mindre grendene i Ørsta eller Volda. Studien til Sævik (2000, s. 57–58) indikerer at den delte hokjønnsbøyinga i bestemt form eintal var på kraftig retur mellom ungdomane på Sørøyane allereie for 25 år sidan, særleg i Ulstein og Hareid, der over 80 % rapporterte at dei sa *hua*, *klassa* og *stjerna*, men også i Herøy og Sande, der mellom 30 og 60 % rapporterte at dei brukte *a*-ending i desse svake hokjønnsorda. Studien til Løset (2011, s. 71) gjev klare indikasjonar






Diagram 7 Delt hokjønnsbøying, prosentdel av brukstilfella med -å i bestemt form eintal av svake hokjønnsord: *kannå, skjortå, klokka* (n = 184)

på at skiljet mellom sterke og svake hokjønnsord i bestemt form eintal var på kraftig retur i Volda for 15 år sidan. Så mykje som 70 % av dei unge informantane rapporterte nemleg at dei brukte former som *jenta* og *klokka*, medan berre 15 % av dei rapporterte at dei brukte dei tradisjonelle formene *jentå* og *klokkå*. 15 % rapporterte at dei veksle mellom *a-* og *å-*ending. Dei aller fleste av dei unge som rapporterte at dei brukte tradisjonelle former, gjekk på ein av utkantskulane. Samanhalde med at vår undersøking viser endå mindre bruk av delt hokjønnsbøying mellom ungdomsskuleelvane, gjev desse funna klare indikasjonar på at delt hokjønnsbøying, som altså er godt dokumentert i dei tradisjonelle dialektane på Sunnmøre, er i ferd med å forsvinne frå dialekten i Ørsta og Volda.

#### 4.5 Første person fleirtal av personleg pronomen

I dei fleste tradisjonelle dialektane på Søre Sunnmøre har det vore vanleg å bruke *me* som subjektsform i første person fleirtal av personleg pronomen, men lengst nord på Hareidlandet og i gamle Vartdal kommune har det vore vanleg å bruke objektsforma *oss* også som subjektsform (Skjekkeland, 2005, s. 180, 218). I dei seinare tiåra har båe desse formene vore under press av den desidert mest brukte forma *elles* i landet, nemleg *vi*. Allereie i den 25 år gamle studien til Sævik (2000, s. 59) rapporterte dei aller fleste elevane frå Sørøyane at dei brukte forma *vi*. I den 15 år gamle studien til Løset (2011, s. 71–72) frå Volda brukte 82 % av dei eldre informantane den tradisjonelle subjektsforma *me*, medan 18 % av dei brukte forma *vi*, samstundes som heile 76 % av tiandeklass-

ingane rapporterte at dei brukte *vi*, og berre 24 % rapporterte at dei brukte *me*, og dei aller fleste av desse gjekk på utkantskulane i Austeffjorden og Dalsfjorden. I denne studien undersøkte vi bruken av dei tre ulike formene mellom alle deltakarane i studien, og Diagram 8 nedanfor viser korleis bruken fordelte seg prosentvis i kvar av dei fem førehandsoppstilte aldersgruppene.




Diagram 8 Prosentdel av brukstilfella med høvesvis *vi*, *me* og *oss* i første person fleirtal av personleg pronomen i kvar aldersgruppe ( $n = 184$ )

Diagram 8 viser at den klare tendensen til at ein stendig større andel av dei yngre brukar forma *vi* som både Sævik (2000) og Løset (2011) fann i sine studiar, er forsterka i vår studie, sidan alle niandeklassingane som tok del i vår studie, brukar forma *vi*. Vidare viser diagrammet ei nokså jamt aukande kurve dess høgare opp i aldersklassane ein kjem når det gjeld bruken av den tradisjonelle forma *me*.<sup>8</sup> I aldersgruppa 18–33 år finn vi nemleg *me* i 24,6 % av brukstilfella, medan andelen stig til 39,0 % i aldersgruppa 34–49 år, og vidare til 55,8 % i aldersgruppa 50–64 år. Når det gjeld aldersgruppa 65 år og eldre, finn vi den nyare forma *vi* berre i 20,0 % av brukstilfella, medan vi finn forma *me* i 62,9 % av brukstilfella og forma *oss* i 17,1 % av brukstilfella. Samla sett gjev desse funna klare indikasjonar på at forma *me*, og også *oss*, som altså er godt dokumentert i dei tradisjonelle dialektane på Sunnmøre, er i ferd med å bli erstatta av forma *vi* i dialekten i Ørsta og Volda.

8. Nokre få av informantane nytta subjeksforma *mi* i første person fleirtal av personleg pronomen, og dei aller fleste av desse er kring 60 år gamle og oppvaksne i Ørsta sentrum, noko som indikerer at dette var ein variant som blei brukt mellom sentrumsørstingar i ein viss periode, før forma *vi* tok meir og meir over. I denne statistikken har vi talt med dei få som sa *mi*, under *me*.

#### 4.6 Diftongar

I den tradisjonelle dialekten i Ørsta og Volda har ein både korte diftongar, som ein finn i perfektum partisipp (*haurt* eller *høyrt*), og lange diftongar (*raud*), i staden for monoftong (*hørt*, *rød*). Sidan vi hadde ei førehandsoppfatning av at dei korte diftongane i større grad enn dei lange diftongane er i ferd med å bli erstatta av monoftong mellom yngre personar i Ørsta og Volda, valde vi å måle desse to diftongtypane kvar for seg.<sup>9</sup>

##### 4.6.1 Korte diftongar (*au* og *øy*) i perfektum partisipp




Diagram 9 Prosentdel av brukstilfella med diftongane *au* og *øy* i perfektum partisipp i kvar aldersgruppe ( $n = 184$ )

Diagram 9 viser at 74,5 % av brukstilfella i aldersgruppa 65 år og eldre, og 67,3 % av brukstilfella i aldersgruppa 50–64 år har diftongen *au* eller *øy* i orda *haurt/høyrt* og *kjaurt/kjøyrt*.<sup>10</sup> Deretter observerer vi eit markert fall ned til aldersgruppa 34–49 år, der vi finn diftong berre i 31,3 % av brukstilfella. Derimot observerer vi, noko overraskande, at det i så mykje som 40,0 % av brukstilfella i aldersgruppa 18–33 år blir brukt diftong i dei to nemnde orda. Mellom ungdomsskuleelevane synest diftongen i desse orda derimot å vere nesten heilt vekke, sidan det berre er éin av dei i alt 41 informantane i aldersgruppa 14–15 år som har diftong i både orda og éin annan elev som har diftong berre i

9. I registreringa er det ikkje teke omsyn til eventuell ulik lengd i diftongen i perfektum partisipp, men berre om informanten seier diftong eller monoftong.

10. Vi har heller ikkje skilt mellom ulike uttalar av diftongen, men rekna *au* og *øy* i éin og same kategori, i kontrast til monoftongen *ø*.

*haut/høyrt*, medan alle dei andre elevane konsekvent seier *hørt* og *kjørt*. Studien til Løset (2011, s. 67) viser at diftongen *au* i ord som *haut* og *kjaut* var på kraftig retur mellom dei unge i Volda allereie for 15 år sidan, då berre 37 % av tiandeklassingane rapporterte at dei brukar slike diftongerte former, og då dei aller fleste av desse gjekk på ein av dei tre utkantskulane. Samla sett gjev desse funna indikasjonar på at korte diftongar i perfektum partisipp, som *haut/høyrt* og *kjaut/køyrt*, som altså er godt dokumentert i dei tradisjonelle dialektane på Sunnmøre, er i ferd med å bli erstatta av dei monoftongerte formene *hørt* og *kjørt* i dialekten i Ørsta og Volda.

#### 4.6.2 Lang diftong (*au*)




Diagram 10 Prosentdel av brukstilfella med lang diftong (*au*) i kvar aldersgruppe ( $n = 184$ )

Medan Diagram 9 gjev indikasjonar på at korte diftongar *au* og *øy* i perfektum partisipp er i ferd med å forsvinne frå dialekten i Ørsta og Volda, viser Diagram 10 at den lange diftongen *au* derimot står sterkt, iallfall mellom dei som er 18 år og eldre. Diagrammet viser nemleg at *raud* og *graut* med diftong blir nytta i 90–100 % av tilfella i alle dei fire eldste aldersgruppene. Sjølv mellom ungdomsskuleelevane som tok del i studien, er det slik at den lange diftongen *au* blir brukt i nesten 3/4 (72,8 %) av brukstilfella. Dette er likevel ein noko lægre andel enn i dei andre aldersgruppene, og det er då også slik at monoftongen *ø* blir brukt i meir enn 1/4 av brukstilfella mellom ungdommane.


4.7 Norrøn *ð* uttalt som *d* i utlyd

Diagram 11 Prosentdel av brukstilfella der norrøn *ð* blei uttalt som *d* i utlyd i kvar aldersgruppe (n = 184)

Diagram 11 viser at uttale av *d* for norrøn *ð* i utlyd står nokså sterkt i dialekten i Ørsta og Volda, sidan lyden blir uttalt i 60–85 % av brukstilfella i kvar av dei fem aldersgruppene. Den 25 år gamle studien til Sævik (2000, s. 56) viser at uttale av *d* for norrøn *ð* også stod sterkt mellom elevane frå Herøy og Sande, der over 80 % rapporterte at dei sa *saud*, *trede* og *brød*. Mellom elevane frå Ulstein og Hareid var det derimot over 60 % som rapporterte at dei uttalte dei to sistnemnde orda utan *d*, men likevel kring 80 % som rapporterte at dei uttalte *d*-en i det førstnemnde ordet. Den tradisjonelle uttalen stod endå sterkare mellom dei unge i Volda for 15 år sidan, då heile 83 % av alle tiandeklassingane i studien til Løset (2011, s. 69) rapporterte at dei sa *saud*, *tred* og *brød*. Lianes (2013, s. 79) fann derimot at sjølv dei eldste informantane i Åram ikkje hadde uttale av *d* for norrøn *ð* i utlyd i meir enn 50 % av brukstilfella, medan dei yngste informantane berre hadde det i 25 % av brukstilfella, men det har truleg samband med at ho også har undersøkt uttale av *d* i utlyd i ord der lyden står i trykklett stilling (*me(d)*, *ne(d)*), der han ifølgje Lianes (2013, s. 100) står «lagleg til for hogg». Når det gjeld Ørsta og Volda, kan vi konkludere med at uttale av *d* for norrøn *ð* i utlyd, til liks med innskotsvokal i presens av sterke verb og den lange diftongen *au*, framleis står nokså sterkt i dialekten.

#### 4.8 Dativ





Diagram 12 Prosentdel av brukstilfella med dativ i kvar aldersgruppe ( $n = 184$ )

Diagram 12 viser at dativ, som er eit kjent trekk ved dei tradisjonelle dialektane på Sunnmøre, nesten har forsvunne frå dialekten i Ørsta og Volda. Ingen av informantane i dei tre yngste aldersgruppene har dativ, og sjølv mellom deltakarane i dei to eldste aldersgruppene er det berre eit fåtal av informantane som har (varierende grad) av dativ – og alle desse soknar til ei av dei mindre grendene utanfor Ørsta og Volda sentrum.

#### 4.9 Samla bilete av utviklinga

I dette kapittelet presenterer vi eit spreingsplott som viser i kva grad den enkelte informanten har halde på den tradisjonelle dialekten i Ørsta og Volda, og som gjennom ei regresjonslinje viser korleis graden av tradisjonalitet endrar seg med alder. Samleskåren til kvart individ er det uvekta gjennomsnittet av skåren ein har fått på kvart av dei 30 orda som inngår i dei elleve variablane vi målte, der 0 betyr at ein har det tradisjonelle trekket, medan 1 betyr at ein har den nyare varianten. Dersom ein person får samleskåren 0,0, betyr det altså at hen har tradisjonell variant på alle dei målte orda. Dersom ein person får samleskåren 1,0, betyr det derimot at hen ikkje har tradisjonell variant på nokon av dei målte orda. Vi presiserer at skåren for ungdomsskuleelevene ikkje er med i spreingsplottet, sidan dei, i motsetnad til informantane i dei andre aldersgruppene, har nøyaktig same alder, noko som ville ha gjeve statistisk ubalanse dersom vi tok med skåren for informantane i denne gruppa.



*Diagram 13 Spreiingsplott – uvekta gjennomsnitt for variant av til saman 30 ord som dekkjer dei 11 tradisjonelle dialekttrekka som er undersøkte i denne artikkelen for kvart individ ( $n = 143$ ) – med regresjonslinje*

Diagram 13 viser ein klar og tydeleg tendens om at dess eldre ein er, dess meir tradisjonelle former har ein, og om at dess yngre ein er, dess mindre tradisjonelle former har ein. Vi ser nemleg at informantar som er 60 år eller eldre, skårar om lag 0,25 i gjennomsnitt, medan informantar som er mellom 40 og 60 år, skårar om lag 0,50 i gjennomsnitt og informantar som er mellom 20 og 40 år, skårar om lag 0,70 i gjennomsnitt. Sjølv om vi både finn dømme på informantar som er over 60 år, som har temmeleg få tradisjonelle dialekttrekk, og dømme på informantar som er under 40 år, som har temmeleg mange tradisjonelle dialekttrekk, viser den overordna, gjennomsnittlege tendensen klart og tydeleg at mange av dei tradisjonelle dialekttrekka er i ferd med å forsvinne frå dialekten i Ørsta og Volda. Dette blir understreka av det faktum at 14–15-åringane, som ikkje er med i grunnlaget for spreingsplottet, er den aldersgruppa som gjennomgåande har færrest tradisjonelle dialekttrekk.

## 5 Konklusjon

Forskingsspørsmålet for denne artikkelen er altså i kva grad dei elleve ovanfor nemnde tradisjonelle dialekttrekka framleis blir nytta av talarar i ulike aldersgrupper i Ørsta og Volda, og kva dette kan seie oss om endringar i dialekten i området dei siste 50 åra. Dette søkte vi først og fremst svar på gjennom ein studie der vi undersøkte kva variant 184 informantar fordelt på fem ulike aldersgrupper nytta i dei utvalde språklege variablane, samstundes som vi heldt saman våre eigne resultat med resultat frå tidlegare dialektendringsstudiar frå Søre Sunnmøre.

Studien har vist at åtte av dei elleve tradisjonelle dialekttrekka vi har undersøkt, er mindre og mindre brukte dess lenger ned i aldersgruppene ein kjem, samstundes som vi finn veldig få førekomstar av dei i den yngste aldersgruppa. Nokre av trekka, slik som dativ, palatal uttale av alveolarar og velarar, delt ho-kjønnsbøying og forma *me* i første person fleirtal av personleg pronomen, synest å ha vore på veg ut mellom ungdommen allereie for 25–30 år sidan. Andre trekk, slik som bortfallen palatal nasal, innskotsvokal i adjektiv og dei korte diftongane *au* og *øy* i perfektum partisipp, synest derimot å ha stått nokså sterkt mellom ungdommen til inn på 2000-talet, då dei synest å bli meir og meir svekte. Samla sett meiner vi at resultata av denne studien, samanhalde med tidlegare dialektendringsstudiar på Søre Sunnmøre, gjev grunnlag for å hevde at alle dei her nemnde tradisjonelle dialekttrekka er i ferd med å forsvinne frå dialekten i Ørsta og Volda.

Tre av dei elleve tradisjonelle dialekttrekka ser derimot ut til å halde seg nokså godt i dialekten i Ørsta og Volda. Det eine av desse er innskotsvokal i presens av sterke verb, som står nokså sterkt i alle aldersgrupper i dag, sjølv om han er noko svekt i den yngste aldersgruppa. Interessant nok er det i denne gruppa store skilnader i dei to undersøkte sterke verba i presens, for medan så mykje som 72,5 % av ungdommane hadde innskotsvokal i *finn(e)*, var det berre 32,4 % som hadde innskotsvokal i *kjem(e)*, noko som kan indikere at innskotsvokalen er i ferd med å forsvinne frå dialekten i Ørsta og Volda iallfall i nokre sterke verb i presens. Det andre dialekttrekket som ser ut til å halde seg godt, er lang diftong *au*, sidan 70–100 % av dei målte tilfella i kvar av dei fem aldersgruppene har denne i ord som *raud* og *graut*. Det same kan seiast om uttale av *d* for norrøn *ð* i utlyd, sidan lyden blir uttalt i 60–85 % av dei målte tilfella i kvar av dei fem aldersgruppene. Samla sett ser vi at innskotsvokal i presens av sterke verb, den lange diftongen *au* og uttale av *d* for norrøn *ð* i utlyd framleis står nokså sterkt i dialekten i Ørsta og Volda.



Sidan studien viser at så mykje som åtte av dei elleve målte tradisjonelle dialekttrekka er i ferd med å forsvinne frå dialekten i Ørsta og Volda, gjev det grunnlag for å hevde at dialektendringane har vore relativt omfattande i Ørsta og Volda dei siste 50 åra. Vi legg vidare merke til at dei nyare variantane av dei åtte variablane er i samsvar med det ein kan kalle standard austnorsk og dessutan i samsvar med talemålet i byar som Bergen og Ålesund, noko som kan indikere at dialektendringane til dels botnar i det som vi i innleiinga omtalte som vertikal dialektnivellering (eventuelt via eit bymål). Samstundes er desse nye variantane utbreidde i norske talemål generelt, og ingen av dei er brukte berre i austnorske dialektar eller berre i bymål på Vestlandet. Det er slik sett ingen klare bevis i studien vår for vertikal dialektnivellering. Dei tre tradisjonelle dialekttrekka som står seg godt i dialekten, er verken vanleg i standard austnorsk eller i vestnorske byar. Diftongen *au* er utbreidd i norske bygdemål generelt, og innskotsvokal i sterke verb er utbreidd i vestnorske dialektar. Særleg uttale av *d* i utlyd, som er eit lokalt dialekttrekk som berre er utbreidd på Søre Sunnmøre, peiker i retning av at ikkje alle dei lokale dialekttrekka forsvinn frå dialektane på Søre Sunnmøre. Som vi såg i innleiinga, er Søre Sunnmøre kjenneteikna av forholdsvis lokale sentraliseringstendensar, der vi finn fleire jamstore bygdebyar. Vi har også sett at det er høg grad av samsvar mellom dei endringstendensane som vi har funne i Ørsta og Volda med dei endringstendensane som Abrahamsen (1995), Sævik (2000) og Lianes (2013) har funne i bygdebyane Fosnavåg og Ulsteinvik og dessutan andre stader i området. Ut frå dette vil vi konkludere med at resultatane våre viser store endringar i den tradisjonelle dialekten der ein nivelleringsstendens er tydeleg, men der også lokale horisontale tendensar gjer at nokre tradisjonelle dialekttrekk er behaldne eller endrar seg langt seinare.

### Litteraturliste

- Abrahamsen, J. E. (1995). *Utalde palatal-tal: Metodekritisk ljøs på avpalataliseringi i yngre mål i Herøy på Sunnmøre* [Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Trondheim].
- Akselberg, G. (1995). *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken: Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. [Doktoravhandling]. Universitetet i Bergen.
- Akselberg, G. (2003). Utviklinga av vossamålet ved tusenårsskiftet. Ei gransking av språkbruk hjå ungdomar på Voss 2001-2002 sett i eit talespråkleg

- regionaliseringsperspektiv. I G. Akselberg, A. M. Bødal & H. Sandøy (Red.), *Nordisk dialektologi* (s. 197–226). Novus.
- Akselberg, G. (2004). Regional dialects in Norway – fact or fiction? I B.-L. Gunnarson, L. Bergström, G. Eklund, S. Fridell, & L. H. Hansen (Red.), *Language variation in Europe. Papers from the Second International Conference on Language Variation in Europe, ICLAVE 2, Uppsala University, Sweden, June 12–14, 2003* (s. 77–84). Universitetsstryckeriet.
- Aarsæther, F. (1984). *E syns alle folk snakke likt e! en studie av talemålsvariasjon i Ålesund bymål*. [Hovedfagsoppgåve, Universitetet i Oslo.]
- Bull, T. (2009). Standardtalemål i Norge? Et spørsmål om pavens skjegg? *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27(2), 221–238.
- Haugen, M. O. & Amoriza, S. E. (28.5.2024). Volda. I *Store norske leksikon*. [snl.no/Volda](https://snl.no/Volda)
- Haugen, R. (1997). *Variasjon og endring i sogndalsdialekten. Ei sosiolingvistisk undersøkning av talemålet i Sogndal*. [Hovedoppgåve, Universitetet i Bergen].
- Haugen, R. (2004). *Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal*. [Doktoravhandling]. Universitetet i Bergen.
- Hoff, O. N. (1978). Oversyn over Sunnmørsmålet. I I. Hoff (Red.), *På leit etter ord. Heidersskrift til Inger Frøyset frå medarbeidarar og studentar* (s. 165–182). Universitetsforlaget.
- Hårstad, S. (2009). Kommer ikke alt godt fra oven? Et forsøk på å se utviklingstrekk i trønderske talemål i et standardiseringsperspektiv. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27(1), 133–144.
- Lianes, A. (2013). *Endringar i talemålet i Åram på Søre Sunnmøre* [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen].
- Løset, T. K. N. (2011). *Språklege endringar i Volda-målet: Ei språksosiologisk granskning* [Masteroppgåve, Høgskulen i Volda].
- Mæhlum, B. & Røyneland, U. (2023). *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Cappelen Damm Akademisk.
- Neteland, R. (2014). *Koinéforming av industristedtalemål. En sosiolingvistisk studie av språkutviklingen i Sauda og Årdal de siste hundre årene*. [Doktoravhandling]. Universitetet i Bergen.
- Neteland, R. (2019). *Koine formation and society. A sociolinguistic study of migration, dialects and norms in Norwegian industrial towns*. Lexington books.
- Neteland, R. & Bugge, E. (2015). Språkendringer de siste to hundreåra i byer og på industristeder. I H. Sandøy (Red.), *Talemål etter 1800 – Norsk i jam-*

- føring med andre nordiske språk* (s. 301–333). Novus forlag.
- Rudi, N. B. (2007). *Språkvariasjonar i to dalføre: ei sosiolingvistisk gransking av talemålet blant 18–20-åringar i Hallingdal og Gudbrandsdalen* [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo].
- Rønningen, J. (2014). *Gamalt og nytt i sauheringsmålet. Ei gransking av sauheringsmålet i tre generasjonar* [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo].
- Røsstad, R. (2006). *Den språklege røynda. Ein studie i folkelingvistikk og dialektendring frå austre Vest-Agder* [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Agder.
- Røsstad, R. (2009). Den vanskelege empirien: egdske endringar og mange moglegheiter. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27(1), 121–132.
- Røyneland, U. (2018). Geografisk og sosial variasjon. 5 Utjamning og ny variasjon frå ca. 1945 til i dag. I B. Mæhlum (Red.), *Norsk språkhistorie II Praksis* (s. 240–256). Novus forlag.
- Røyneland, U. (2020). Regional varieties in Norway revisited. I M. Cerruti & S. Tsiplakou (Red.), *Intermediate language varieties. Koinai and regional standards in Europe* (s. 31–54). John Benjamins Publishing Company. <https://doi.org/10.1075/silv.24.02roy>
- Sandøy, H. (2000). Utviklingslinjer i moderne norske dialekter. *Folkemålsstudier* 39, 345–384.
- Sandøy, H. (2009). Standardtalemål? Ja, men ...! Ein definisjon og ei drøfting av begrepet. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27(1), 27–48.
- Senft, G. (2009). Elicitation. I G. Senft, J.-O. Östman & J. Verschueren (Red.), *Culture and Language Use* (s. 105–109). John Benjamins Publishing Company.
- Skjekkeland, M. (2005). *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Høyskoleforlaget.
- Statistisk sentralbyrå. (2023a). 06913: *Befolkning og endringer, etter region, år og statistikkvariabel* [Statistikk]. <https://www.ssb.no/statbank/table/07459/>
- Statistisk sentralbyrå. (2023b). 03321: *Sysselsatte (15–74 år) per 4. kvartal. Pendlingsstrømmer, etter bostedskommune, statistikkvariabel, år og arbeidsstedskommune* [Statistikk]. <https://www.ssb.no/statbank/table/03321/>
- Statistisk sentralbyrå. (2023c). 05212: *Folkemengde, etter kjønn og tettbygd/spredtbygd strøk (K) 1990 – 2024* [Statistikk]. <https://www.ssb.no/statbank/table/05212/>

- Sævik, R. (2000). *Variasjon og endring i talemålet på søre Sunnmøre: Ei sosiolingvistisk gransking av talemålet i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande* [Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Oslo].
- Thorsnæs, G. (17.12.2024). Ørsta. I *Store norske leksikon*. [snl.no/Ørsta](https://snl.no/Ørsta)
- Tvinnereim, J. & Melle, O. (2003). *Fjordbygder i forandring: Volda og Ørsta sparebank, Sparebanken Volda Ørsta 1853-2003*. Snøhetta forlag.
- Worren, D. (1980). Om bortfall av palatal nasal på Søre Sunnmøre. *Maal og Minne*, 72(1), 193–214.
- Worren, D. (2017). Eit maskulint i-mål. I J.-O. Östman, C. Sandström, P. Gustavsson & L. Södergård (Red.), *Ideologi, identitet, intervention. Nordisk dialektologi 10* (s. 351–362). Nordica Helsingia 48.
- Øyehaug, O. (1972). *Ein studie i delar av lydverket hos eldre og yngre i Ørsta: Litt om korleis og kvifor det har vorte brigda* [Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Bergen].

## Summary

The article presents a dialect study involving 184 informants aged 14 to 83 from the municipalities of Ørsta and Volda, located in the Søre Sunnmøre region of Northwestern Norway. Through elicitation techniques, the study measured the extent to which individuals across different age groups used eleven traditional dialectal features characteristic of the Sunnmøre dialect. The findings were compared with results from earlier studies on dialect change in the same region. Overall, the article concludes that eight of the eleven traditional dialect features are in decline in the dialects of Ørsta and Volda, while three features remain relatively stable.

Stig J. Helset  
Institutt for språk og litteratur  
Høgskulen i Volda

Postboks 500  
6101 VOLDA  
stig.jarle.helset@hivolda.no

Tor Arne Haugen  
Institutt for språk og litteratur  
Høgskulen i Volda  
Postboks 500  
6101 VOLDA  
tor.arne.haugen@hivolda.no

Randi Neteland  
Institutt for språk og litteratur  
Høgskulen i Volda  
Postboks 500  
6101 VOLDA  
randi.neteland@hivolda.no